

Snart skulemusikk-basar

31.03.2010



**Den tradisjonelle skulemusikk-basaren i Helgheim, som betyr så mykje for korpset, er like rundt hjørnet og loddsalet er forlengst i gang.**

**Akkurat no onsdag ettermiddag sit Marita Kjærland og sel lodd på SPAR og det er ikkje småtteri ho har å lokka med.**

Øverst på gevinstlista står dokke med klede og vogn og deretter kjem fire gavekort a 500 kroner.

Så nemnar vi i fleng: Konsertbilett på Dønhaug, arbeidslampe, 2 fleece-gensarar, 7 tommers farge-TV, gavekort på klipp, to dukar, bilet av orkide, lego, gravemaskin-modell, orkide, shampo, sengesett, veske i lappeteknikk og fruktkorg.

Basaren finn stad sundag 11. april klokka 16 og opnar som vanleg med ein minikonsert av skulemusikken. Over kjøpar Inger Haugland (busett i Bergen men med hytte i Skårhaug) lodd av Marita.

(Foto: Ola Matti Mathisen)